



Uskedal Båtlag hadde ikkje noko storår i fjor, men natta til 24. juni var det faktisk 43 gjestebåtar der og då vart dette biletet teke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Il dei seinare åra har Årets Gjestehavn her i landet vorte kåra og vore hamnar her i Kvinnherad har gjort det svært godt.

Det gjeld særleg Husnes, som til og med har vore innoom førsteplassen. Uskedal var på tredje plass i 2008.. I år har ikkje Båtmagasinet førebels lyst ut nokon dyst om å bli den beste gjestehamna. I 2011 er det Årets båtforening som gjelder.

Det har vore endel omgrepsforvirring og annan forvirring rundt desse dystene. Til dømes utløyste det forundring på våre kantar då ingen hamnar mellom Bremanger og Grimstad vart nominert i fjor.

Nesten heile Vestlandet vart med andre ord utelukka frå dysten. Og det var Skjærhalden på Hvaler i Østfold som vart kåra som den beste båtforeningen. Deira hamn har gjennomgått forbetringar og utvidingar gjennom mange år. Hardt dugnadsarbeid har utvikla hamna til å bli moderne og funksjonell for dei 300 medlemmene og det var ikkje overraskande at foreningen vant..

Også i år skal det etter alt å dømme skje ei nominering som eit første steg. Det går no ut ei oppmoding om å komma med forslag på gode kandidatar. Forslaga skal sendast til atle.knutsen@aller.no innan 5. februar så det hastar altså med andre ord hvis ein vil komma med innspel.

Den må naturleg nok leggjast ved ei grunngeving. Båtmagasinet nemner ei utviding, investeringar i klubbhus eller ny kran som døme saman med godt miljø,

fin stemning og gode arrangement.

Når forslaga har kome inn, blir det sett igang ei utsjekking av om dei stemmer.

Det har vore kåra Årets båtforening heilt sidan 1988 men ingen forening i Kvinnherad har nådd fram til siger.
Skal ein av våre gjera det i år?

Av Ola Matti Mathisen